



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 15.09.2016

Klokka 09.00 – 15.00

Stad: Heradsstyresalen, Ulvik

Til stades:

Eidfjord kommune:	Ordfører Anved Johan Tveit
Granvin herad:	Ordfører Ingebjørg Winjum
Jondal kommune:	Ordfører Jon Larsgard – Rådsordfører
Kvam herad:	Ordfører Jostein Ljones
Odda kommune:	Ordfører Roald Aga Haug
Ullensvang herad:	Ordfører Solfrid Borge
Ulvik herad:	Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen - Rådsvaraordfører
Rådmannsforum:	Rådmannsforum, Siv Helle Prestegard
Administrasjonen:	Dagleg leiar Jostein Eitrheim og konsulent Trude Rinaldo

Forfall:

Agenda:

09.00 – 11.00	Sakshandsaming
11.00 – 12.00	Lunsj Orienteringar
12.00 – 13.00	Organisering av tenestene i Business Region Bergen etter 01.01.2017. Orientering v/ Regionaldirektør HFK, Bård Sandal
13.00 – 14.00	Ny Vestlandsregion! Muligheiter og truslar for Hardanger? Orientering om prosess i forhandlingsutvalet v/ medlem av felles styringsgruppe Terje Kollbotn.
14.00 – 15.00	Sakshandsaming

Orienteringar:

Regionaldirektør Bård Sandal, HFK:

Organisering av tenestene i Business Region Bergen etter 01.01.2017.

Medlem av felles styringsgruppe ofr regionreforma, Terje Kollbotn

Ny Vestlandsregion ! Muligheiter og truslar for Hardanger ?

Orientering om prosess i forhandlingsutvalet

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste som så vart godkjent.

Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordfører:

Solfrid Borge og Anved Johan Tveit

Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Saker til handsaming:

HR-sak 38/16 Saker innmeldte ved starten av møtet. Vert tatt opp under sak 45/16.

- Hardanger tingrett Leige av rettssal

- Organisering av eigedomsoppmåling Evt felles sak for kommunane
- Jubileum for Odda vidaregåande skule – Evt gåve frå Hardangerrådet
- Våpenkontor – Nasjonalt våpenregister
- Oppsummering av konferansar
 - Evaluering samhandlingsreforma
 - Reiselivet i Fjordvegregionen
- Skulebruksplanen – Ny aktivitet for Hjeltnes – Produksjonsskule
Uttale frå Hardangerrådet. Hans Petter Thorbjørnsen og dagleg leiar får i oppgåve å utforma denne uttalen.

HR-sak 39/16 Meldingar

Meldingar var utsendt med møteinnkalling

Vedtak:

Meldingane vart tekne til vitande.

HR-sak 40/16 Møteplan 2017 for Hardangerrådet

Forslag til møteplan var utsendt med møteinnkalling.

Vedtak:

Framlagt forslag til møteplan for Hardangerrådet 2017 vert vedteken.

2017	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
Regionrådet Representant- skapet Hardanger konferansen	Torsdag 12. Granvin		Torsdag 30. Ullensvang Årsmøte	Torsdag 27. Kvam		Torsdag 15. Jondal	Torsdag 14. Ulvik	Torsdag 19. Eidfjord		Torsdag 14. Odda
Hardingtinget Hardanger- konferansen		Torsdag 16. Odda							Ons-Tors 15.-16. Hardanger- konferansen Kvam	

HR-sak 41/16 Nærpolitireforma Orientering om prosessen. Drøfting av vidare innspel.

Politiet har signalisert at Vest politidistrikt vil bestå av mellom 2 og 9 GDE. Det er kome ut svært lite informasjon om kva som skal vera innhald i kvar GDE. Hardanger sine representantar i styringsgruppa kjem saman før neste møte i styringsgruppa. Dette skal vera 5.10. Lensmennene i Voss, Kvam, Odda og Kvinnherad må inviterast til eit møte med Hardanger sine styringsgrupperepresentantar.

HR-sak 42/16 Ny kommunelov – Høyringsuttale

Saksutgreiing og forslag til vedtak var sendt ut saman med møteinnkallinga.

Vedtak:

Hardangerrådet støttar utvalet sine tilrådingar vedr. Kap 18 Interkommunalt samarbeid i forslag til ny kommunelov.

HR-sak 43/16 Orientering om viktige politiske saker i kvar kommune og i Hordaland fylkeskommune – Orientering ved kvar ordførar.

Gjennomgang frå kvar kommune vart utsett til neste Hardangerrådsmøte.

Ei ny sak som gjeld alle kommunane:

Ny intensjonsavtale om Vestlandet fylkeskommune !!

**HR-sak 44/16 Vidareføring av tenester etter Business Region Bergen (BRB)
Framlegg til intensjonsavtale**

Regionrådet drøfta om ein skal vurdera felles avtale med HFK eller om kvar kommune skal inngå intensjonsavtale kvar for seg.

Vedtak:

Hardangerkommunane handsamar kvar for seg førespurnad frå HFK om intensjonsavtale for deltaking.

HR-sak

45/16 Orienterings- og drøftingssaker

- Orientering vedr. regionreforma v/ Terje Kollbotn

Terje Kollbotn orienterte om arbeidet med regionreforma og viste til dette målsetjingane som ligg til grunn for reforma:

- Meir makt til regionane
- Meir desentralisering
- Styrking av lokaldemokratiet.

Regjeringa har lagt opp til at regionreforma skal gjennomførast før ein veit kva oppgåver dei nye regionane skal ha ansvar for.

Viktig at Hardanger no nyttar denne perioden til å fremja krav om etablering av nye offentlege oppgåver i regionen. Døme med etableringa av NVIM og Statens Kartverk viser at dette kan vera svært vellukka.

Hardangerrådet vil i neste møte drøfta ein prosjektplan for å leggja fram eit felles dokument som omtalar kva fagområde/tema innanfor statlege arbeidsplassar det er naturleg å krevja lokalisert til Hardanger. Døme er:

- Nasjonalt senter for frukt og gartnar utdanning
- Nasjonalt våpenkontor
- Nasjonalt senter for sikring/tiltak vedr. Skred, flaum, snøras
- Nasjonalt beredskapssenter
- Nye oppgåver tilknytt NIBIO

Oppfordringa er å vidareutvikla dei fagfelt som alt har stor kompetanse lokalisert i Hardanger.

Administrasjonen førebur prosjektnotat som vert drøfta i neste Regionrådsmøte 27. oktober.

- Hardanger tingrett Leige av rettssal

Sak om evt. leigeavtale vert fremja som sak i neste møte i Hardangerrådet.

- Organisering av eigedomsoppmåling Evt felles sak for kommunane
Eidfjord lagar høyringsuttale på denne saka og sender den over til dei andre Hardangerkommunane.

- Jubileum for Odda vidaregåande skule – Evt gåve frå Hardangerrådet
Hardangerrådet gjev kr 5.000,- til jubileet.

- Våpenkontor – Nasjonalt våpenregister
Odda kommune har laga sak på dette.

- Oppsummering av konferansar
 - o Evaluering samhandlingsreforma
 - o Reiselivet i Fjordvegregionen

- Skulebruksplanen – Ny aktivitet for Hjeltnes – Produksjonsskule

Uttale frå Hardangerrådet. Hans Petter Thorbjørnsen og dagleg leiar får i oppgåve å utforma denne uttalen.

Møteboka godkjent 15.09.2016.

Jon Larsgard
Rådsordfører

Solfrid Borge
Rådsmedlem

Anved Johan Tveit
Rådsmedlem